

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 29/2006

Møtedato: 14.6.06

Arkiv nr: S 775

S 775, Jaslangen – søknad om kårsel

Ola Tildheim søker om å få føre opp eit 30 m² stort kårsel på stølen på Jaslangen.

Stølen blir etter opplysning i søknadsskjema brukt til beite og slått. På stølen er det frå før sel på 70 m². Søkjaren opplyser at han har rive 1/3 av fjøset, skålen m/anneks og to små hus til.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skal utale til søknad om bygging på støl og har gjeve følgjande uttale:

I henhold til Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. § 13 "kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter". I det setra opplyses brukt til slått og beite, i tillegg til at det i søknaden står klart at annekset er beregnet som bopel for foreldre og vinterbolig, kan vi ikke se behovet for anneks i tilknytning til rasjonell drift av setra slik drifta er i dag.

Dette med bakgrunn i at vi anser det eksisterende selet er på 70 m² som tilstrekkelig bopel for brukeren ved dagens drift, og at drifta ikke krever avløser. Drifta er basert på sommerbeite og slått, og behov for vinterbolig kan derfor ikke knyttes til drifta.

Statskog tilrår derfor ikke tillattelse til bygging av anneks slik setra driftes i dag.

Det fremgår av søknaden at det er revet 2 små hus, 1 skål m/anneks samt 1/3 av fjøset. Vi antar at dette er noe av bebyggelsen som fremgår av opplistingen fra seterregisteret over. Det er derfor ønskelig med opplysninger angående hvilke bygg i henhold til denne listen som er revet og endringer i areal på den byggingen som er endret. Dette så vi kan ajourholde seterregisteret.

VEDTAK:

Fjellstyret er eining i Statskog si uttale om at det ikkje er dokumentert behov for kårsel ut frå den drifta det er på stølen i dag. Fjellstyret finn derfor ikkje å kunne godkjenne søknaden om bygging av kårsel.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.6.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Tildheim
Statskog
Vestre Slidre kommune